

Det Kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement  
Postboks 8112 Dep  
Akersgt. 59

0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2010000590-17 Saksh: Else Marie Sandal Arkivkode  
Journalpostid: 2015001280 Telefon: 53 65 42 80 C50, &40 Dato:  
26.01.2015

## Rapport for tildelte midlar fra "Bolyst" til prosjektet "Ny i Odda"

**Rapport gjeld tilsegnsnr: 13242023**

I 2013 fekk Odda kommune tilsegn på kr 242 000 til prosjektet «Ny i Odda-inkludering i nærmiljøet i Odda kommune»

Prosjektet er no gjennomført etter oppsett plan:

### **Delprosjekt 1 – lag og foreninger**

#### **Delprosjektleder**

Elin Myran

#### **Aktiviteter**

- **Infobrosjyre** og digital oversikt, tilbud til barn og unge
- **Infomøte**, Frivilligsentralen, en gang pr. halvår
- **Stimuleringsstilkudd** til lag og foreninger inntil kr. 5 000;

**Tilskuddsmidler** Inntil kr. 60 000

#### **Mål**

Inkludere nytiflyttede barn og unge i nettverk gjennom informasjon og styrking av lagenes tilbud

#### **Samarbeidspartnere**

- Frivilligsentralen
- Lag og foreninger
- Tenestetorget/velkomstmapper
- Kultur

Delprosjekt 1 er altså fullført med produksjon og distribusjon av informasjonsbrosjyre, der er gjennomført infomøter og ein har tildelt stimuleringsmidlar til organisasjonar som har integreringstiltak. Brosjyre er vedlagt.

### **Delprosjekt 2 – kultur**

#### **Delprosjektleder**

Laura Buta / Kulturskolen

#### **Aktiviteter**

#### **Eit levande kraftsenter**

Bibliotek	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 42 81	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetalings skatt:	6345.06.12288	Epost:	<a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
5750 ODDA				

- Hovedaktivitet: **forestilling**
- Delaktivitet: **informasjon ut, rekruttering** av deltakere
- Delaktivitet: **øvinger** i Litteraturhuset (inkl. planlegging)
- Delaktivitet: innkjøp av **utstyr**
- Delaktivitet: **inspirasjonsseminar**

**Tilskuddsmidler** Inntil kr. 182 000

#### Mål

Kulturverksted som møteplass for inkludering for alle nyinnflyttede i Odda. Målgruppe defineres nærmere.

#### Samarbeidspartnere

- Kulturskolen
- Voksenopplæringen
- Flyktningekoordinator
- Odda ungdomsskole
- Eksterne krefter

Flere farger-prosjektet er gjennomført og avslutta med konsert før jul i 2014.

Eigen rapport her:

## BOLYSTPROSJEKET «FLERE FARGER» FERDIGSTILLINGSRAPPORT

I juni 2013 mottok Odda kommune midlar som skulle nyttast til gjennomføring av to ulike bolyst-prosjekt med ferdigstilling i løpet av 2014.

«Flere farger» (FF) var det eine av desse prosjekta.

FF-prosjektet blei administrativt lagt under Odda kulturskule. Naturlege samarbeidspartar har vore

- Odda kommune administrativt v/kultursjef
- Vaksenopplæringa
- Grunnskulane
- Internasjonalt kor – frivillig organisasjon

#### KORT OM «FLERE FARGER»

FF er familiært med Fargespillkonseptet, men har eit mindre format.

FF er også tufta på idéen om å bruke musikk, dans, regler, leikar frå deltakarane sine ulike tradisjonar som kulturelt «fellesspråk» og dørropnar for å lære kvarandre å kjenne. Ein blir både bidragsytar og mottakar inn i eit felles identitetsskapande prosjekt. Det er ei forutsetning at fleire av deltakarane også er etniske norske med tanek å vidare integreringsprosess.

Det kulturelle basismaterialet som blir nytta i prosjektet blir gjerne bearbeidd, og ein har kanskje ei målsetting om at dette skal ende opp med ei framsyning.

#### FOREBUINGAR

Prosjektet måtte førebuast godt, og 2. halvår 2013 blei nytta til planlegging og kursing.

Laura Buta, lærar ved Odda kulturskule, prosjektansvarleg i forhold til fagleg innhald  
Eldbjørg Furholt, rektor ved Odda kulturskule, prosjektleiar.

Ein tok avgjerd om å kjøpe seg inn som «medlem» i Fargespill-konseptet, men då i eit mindre format – altså «Flere farger». I desember 2013 gjennomførte vi kurs med instruktørar frå Fargespill Bergen, nærmare bestemt Ole Hamre, Sissel Saue og Annlaug Børshheim. Potensielle medarbeidarar deltok.

#### REKRUTTERINGSPERIODE

Slike prosjekt har ofte ein lang rekrutteringsprosess då det i mange tidlegare prosjekt har vist seg å vere utfordrande og tidkrevande å rekruttere deltakarar. Dette mellom anna på grunn av mange kulturars ulike syn på forpliktande deltaking i «organisert fritid».

I Odda brukte vi perioden januar – mars for å rekruttere deltakarar. Vi gjorde følgande:

- Besøk på samlede skular i kommunen inkl. vidaregåande skule

- Informasjon til både tilsette og elevar ved Vaksenopplæringa
- Informasjon gjennom lokalavis
- Utdeling av diverse informasjonsmateriell
- Såkalla «oppsoekande verksemdu» og direkte kontakt med potensielle deltagarar.

Også i Odda blei dette ei utfordring, men i april bestemte vi oss for å sette i gang med dei som til då hadde vist si interesse. Dette kulminerte med 12-14 barn/ungdomar som til saman representerte 6-7 ulike nasjonar.

## **GJENNOMFØRING**

Deltakarane har sidan april 2014 hatt øvingar kvar veke (onsdagar 17.30 – 19.00).

Det har blitt øvd på ulike dansar, reglar og songar frå ulike nasjonar.

Ved oppstart av haustsemesteret 2014 blei øvingsaktiviteten intensivert, og det blei også gjennomført 1-2 øvingsseminar.

Det har stort sett vore to instruktørar til stades heile tida, og til tider 3 instruktørar. Dette for å etter kvart også kunne tilrettelegge for koreografi/regi.

## **AVSLUTTANDE FRAMSYNING**

10.desember 2014 hadde Odda kulturskule sin årlege julekonsert, og då fekk «FF-prosjektet» ein eigen framsyningsdel i denne konserten.

I forkant hadde prosjektet knytta til seg 5 musikkarar. Sangane frå ulike nasjonar blei tilførte fine arrangement som bidro til å løfte både utøvarar og konseptet i heilskap. Lyd og lys kom på plass, og samlede deltagarar skapte energiske og flotte opplevingar i heile 30 minutt.

Internasjonalt kor bidro på eitt av nummera. Det kan også nemnast at FF-deltakarane blei inviterte som deltagarar til dette korets eigen haustkonsert.



Bildet er henta frå konserten der ein viste fram resultatet frå flere farger-prosjektet

## **KONKLUSJON**

FF-prosjektet gjekk i gjennom ein krevande planleggings- og rekrutteringsperiode.

I arbeidsperioden møtte ein sjølv sagt på ulike utfordringar, men dette blei ivaretatt på ein god måte.

Framsyningsdelen blei nok ei slags «aha-oppleveling» for både publikum og utøvarane sjølv.

Eit prosjekt med ein smittande effekt som vi håper at vi kan få arbeide vidare med på sikt.

Odda, 15. januar 2015

Laura Buta  
Fagleg prosjektansvarleg

Eldbjørg Furholt  
Adm. prosjektleiing

### Kva fekk me til gjennom prosjektet?

- Me fekk sett fokus på kva som skal til for tilflyttarar når det gjeld å bli inkludert og informert
- Me fekk laga ei brosjyre som er informativ og nyttig både for nye og gamle innbyggjarar
- Me fekk organisasjonane til å setja fokus på kva dei gjer av tiltak som kan virka inkluderande på nye innbyggjarar i bygdene og delte ut stimuleringsmidlar i forhold til dette
- Me gjennomførte prosjektet «Fleire farger» som eit samarbeid mellom kulturskole og grunnskole. Dette var upløyd mark i Odda og var både krevjande og spennande.
- Tiltaka vert vidareført så sant det er mogeleg ut frå økonomisk rammer.

### Reknskap Bolysttiltak «Ny i Odda»

<i>Løn Fleire farger</i>	Kr 93650
<i>Musikarar</i>	Kr 26600
<i>Lyd og teknisk assistanse</i>	Kr 14000
<i>Kurs fleire farger</i>	Kr 23000
<i>Produksjon/layout brosjyre</i>	Kr 17000
<i>Stimuleringsmidlar organisasjonar</i>	Kr 50000
<i>Annonsering/marknadsføring</i>	Kr 10000
<i>Infomøte</i>	Kr 8000
<i>Totalt</i>	Kr 242250

Odda kommune er takksame for at vi blei tildelt midlar som har gjort oss i stand til å gjennomføra fleire gode integreringstiltak i kommunen. Prosjektet har til no fått utbetalt kr 60000 av dei tildelte midlane. Vi vil hermed anmoda om at resterande beløp blir betalt til kontonr: **32015024584**. Dersom de ynskjer ytterligare informasjon, ta kontakt.

Venleg helsing  
For Bibliotek

Else Marie Sandal  
Biblioteksjef

Else Marie Sandal  
Biblioteksjef